

## Strategiplan for Valdresmusea 2021–2030



Katten

sit i tunet

når du kjem.

Snakk litt med katten.

Det er han som er varast i garden.

Dikt: Katten av Olav H. Hauge. I samlinga *Mange års røynsle med pil og boge*, Samlaget 1988

Foto: Anne-Marte Før

**Innhald**

Utfordringar	4
Kva er Valdresmusea?	8
Forankring	9
Visjon	10
Strategi	11
Mål	12
Forsking	13
Forvalting	14
Formidling	15
Økonomi	16

## Utfordringar

### Demokrati og deltaking

Musea er ein viktig del av infrastrukturen i demokratiet vårt. Men demokratiet funkantar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Derfor har vi eit stort ansvar i å gjere musea til opne, lyttande og inkluderande møteplassar. Tida vi lever i kan vere krevjande for mange og ikkje alle kjenner seg inkludert eller deltakande, korkje på museet eller i samfunnet. Derfor skal museet vere ein heim der *alle* kjenner seg velkomne, og vi skal utvide repertoaret for *kva* vi engasjerer oss i og *kva* slags perspektiv vi legg til grunn for arbeidet. Alle skal få kjenne tilhøyr til museet, alle har rett til deltaking i ny og gamal valdreskultur.

Mange kjenner seg ikkje heime i den tradisjonelle framstillinga av ein bygdekultur. Fjern og utan relevans er gjerne omkvedet frå dei som meiner dette, og ordet arkiv er det mange som ikkje orkar tanken av. For enkelte handlar ikkje dette om *kva* ein ikkje likar, men at livsførselen deira over lang tid er påført skam og lidning. Dei små fragmenta av eit arkiv som skulle seie noko om eit liv, er kanskje stempla med merke som sjukdom og abnormitet, og slike arkiv er kun sårande.

*For mange har ikkje musea vore institusjonar ein har kjent seg trygge i. Valdresmusea må anerkjenne mangfaldet av livshistorier. Valdresmusea må ta inn over seg at folk er forskjellige.*

Museumsdefinisjonane har endra seg med tida og for eitt år sidan omtala Det internasjonale museumsforbundet musea som fleirstemte, syngande rom. Mange har vore kritiske til ein slik definisjon, men tanken har vore at musea skal gje stemme til alle – og at det skal låte som i ein kakofoni – ikkje eit samstemt orkester. I folkemusikalsk forstand er dette ei tilnærming ein har oppskatta lenge; at musikken og tonane skal sprengje grenser og gje menneska innsikt til noko høgare og vakrare. Kvifor skal ikkje alle få sjansen til å bli kjende med slike fine, høgstemte rom?

Forslaget til definisjon er omstridt, men Valdresmusea omfamnar han. Og dette er også kjernen i *kva* vi skal jobbe med framover; opne dørene for nye, høgstemte rom. Parallelt skal vi forvalte store samlingar og arkiv. Desse er kjelder som vi må lære av slik at vi betre forstår samanhengen mellom fortida og vår eiga samtid. Fortida er korrektivet til framtida. Musea er roret som skal leie oss i rett retning.

### Fake news

Tida vi lever i utfordrar oss i forståinga av verda. Samfunnet pustar ikkje like langsamt som før og flauten av informasjon utfordrar evna vår til å skilje mellom sant og usant, rett og galt. Dei autoritative kunnskapsformidlarane – i media, politikken og academia – rår ikkje lenger åleine og tilliten mellom innbyggjarane og dei som skal styre og trygge samfunnet rundt oss, er ikkje den same no som før.

I undersøkingar som handlar om tillit mellom innbyggerane og institusjonslivet når musea alltid høgt opp. Dette er noko som vi i musea skal ta på alvor. I motsetnad til andre institusjonar tvilar innbyggerane sjeldan på dei historiene som musea formidlar. Det er historiske grunnar til det, for musea representerer eit ekko og ein arv som mange kjenner seg trygge i. Mange menneske søker slike stabilitetsfaktorar.

Musea har på same tid formidla fortida som sterkt tilpassa bilete av røyndomen. Derfor skal vi ta vare på dei kjeldekritiske tradisjonane som òg kviler tungt i våre institusjonar. Vi skal forvalte minna om fortida – ikkje lyset av det trivielle – men som ærlege, sanne korrektiv til vår eiga tid.

*Valdresmusea skal heise fana for kunnskapstradisjonar med røter i forkinga og den handlingsborne kunnskapen. Kunnskapen skal bli til i ein kritisk og tenkande fellesskap – internt på museet og i dialog med kunnskapsinstitusjonar elles i landet.*

## Klima og miljø

I 2019 gjennomførte Kulturrådet ei nasjonal kartlegging av alle dei 5000 bygningane som musea forvaltar. I november 2020 fekk vi rapporten frå kartlegginga – som teiknar eit dystert bilete av situasjonen. Eit forsiktig estimat tilseier at arbeidet med å sikre bygningsarven for ettertida vil koste rundt 3 milliardar kroner.



Det er klimaendringane som trugar bygningsarven mest. I rapporten Varmare, våtare, villare – musea og klimautfordringane konkluderer ein med at klimaendringane fører til våtare vintre og hyppigare bølger med ekstremvær. Omfanget av mikroorganismar, slik som hussopp, mugg og algar, aukar òg raskt og dei bryt ned kulturminna raskare. Utfordringane er store.

Musea treng store ressursar om ein skal handtere utfordringane som kjem. Men ein treng òg ny kompetanse og nye arbeidsmetodar. Rapporten etterlyser dette. Musea etterlyser dette. Ei venta museumsmelding vil vonleg peike på det same. Eit krafttak for bygningsvernet er viktig for museumsbygningane åleine, men det vil òg danne skule for ei berekraftig tilnærming til husbygging og det vil sette forbrukskulturen vår under ein sterkare kritisk lupe.

Museumsforum Innlandet har i to år arbeidd for å etablere ein pilot rundt kompetansebygging på området og har tett dialog med Kulturdepartementet om ein større søknad. Satsinga vil få ringverknadar for lokal industri og tradisjonelle handverksmiljø – og kan slik bli del av det utvida grønne skiftet. Eit forprosjekt har ein kostnad på kr 1 800 000 medan hovudprosjektet har ein kostnad på nærmare 300 millionar kroner.

Føresetnadane for eit pilot i Innlandet er stor. Innlandsmusea forvaltar 25 % av alle museumsbygningane i landet. 22 % av desse er freda. Innlandsklimaet er ikkje lenger tørt og trygt. 1000 museumsbygningar møter no blaute og nedbrytande vintre.

*Gjennom rådgjeving og kurs skal Valdresmusea bidra til ei berekraftig forvaltning av bygningar i privat eige. Med auka ressursar skal Valdresmusea sikre egne samlingar for ettertida.*

## Levande tradisjonar

Andris Eivindson Vang (1795–1877) var den fyrste som tok til å samle folkeminne ifrå Valdres. Etter han følgjer ei lang rekke av menneske som har utøvd, formidla og dokumentert den lokale tradisjonskulturen. Budeier, spelemenn og andre er lekk i ei kjede av eit uttal tradisjonsberarar. Vi har mykje å lære av alle desse.

Vi lever i ei tid der mykje er i endring. Trendane skifter og vi shopper interesser som aldri før. Vi kastar og riv – og vi bygger opp att. I skulen er det den boklege lærdomen som står i sentrum, medan den handborne kunnskapen blir overlata til andre.

Samstundes er etterspurnaden stor etter folk som har kunnskapen i nevane; frå byggebransje, reiseliv, landbruk og einskildmenneske. Mange ynskjer å kjøpe seg eit gammalt småbruk, men får sjeldan kjøpe. Mange ynskjer å sette i stand eit gammalt hus, men anar ikkje korleis. Det er ikkje lett å få tak i ein handverkar til å bygge nytt – og endå verre å få tak i han eller ho med kunnskap og røynsle i å ta vare på eldre hus.

*Valdresmusea har føresetnad og vilje til å ta ansvar på dette området. Ikkje minst er vi opptekne av rekruttering og å være motor og møtestad for kunnskap som skal vare over tid. Vi skal legge til rette for møte mellom læremeister og svenn – mellom fagmiljø og glad amatør. Med kurs og opplæring skal vi bidra til å føre både byggjeskikken, draktskikken, musikken og dansen vidare.*

## Oppsummering

*Samfunnet møter store utfordringar i åra framover. Valdresmusea skal ta sitt ansvar for å løyse nokre av desse. For mykje står på spel. Anten vi kjempar for demokratiet, miljøet, tradisjonane – eller sanninga – kan musea utgjere ein forskjell. Då må vi tale, ikkje teie, då må vi våge, ikkje vakle, då må søkje sanning, ikkje flyte på skorpa – som denne strategien manar til på side 11.*

I strategien har vi satt oss ei rekke mål for dei kommande åra. Vi har ikkje halde att. Fordi vi er eit ambisiøst museum legg vi lista høgt. Dessutan heng måla saman med det vi allereie held på med, satsingsområda, spisskompetansen, den levande folkekulturen og spørsmålet som vi alltid krinsar rundt; Kva skal Valdresmusea og Valdres-kulturen bety for menneske og samfunn i dag?

Valdresmusea er ei moderne bedrift, men utan ei god styring og forvaltning av ressursane fell grunnlaget for arbeidet bort. Og utan ein god innsats med forskning, forvaltning, formidling – og besøkande til våre museum forsvinn interessa og premissa for virket vårt. Auka merksemd, sal og besøk får direkte følgjer for museets eigeninntening og sjansar til å nå samarbeidspartar og sponsorar. Å lukkast på desse områda er derfor avgjerande for at museet skal nå ambisjonane om å vere limet og lupa for Valdresamfunnet, om å sikre ein stor og viktig kulturarbeidsplass, om å ta vare på og vidareutvikle unge og gamle kulturuttrykk.

## Kva er Valdresmusea?

Valdresmusea er det konsoliderte museet for Valdres og består av Valdres Folkemuseum, Bagn Bygdesamling og Bautahaugen Samlinger. Valdresmusea driv Norsk institutt for bunad og folke- drakt og samarbeider med andre aktørar om drifta av Gardbergfeltet og Stiftelsen Frydenlund. Den museumsfaglege kompetansen veks ut av ein humanistisk fagtradisjon og er knytt til emne som folkemusikk og folkedans, musikkinstrument, bunad og folkedrakt, matkultur, stølskultur, byggjeskikk og kulturlandskap. Her er òg kompetanse på økonomiforvaltning, drift og utvikling.

Valdresmusea forvaltar unike, norske tradisjonsuttrykk og samarbeider med ulike aktørar for å sikre framtida for langeleiken, hardingfela og dansen. Norsk institutt for bunad og folke- drakt er akkreditert NGO<sup>1</sup> i UNESCO og er ein viktig stemme for styresmaktene i spørsmål om drakt- og bunadshistorie. Valdresmusea jobbar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Kulturminnevernet i Noreg har blanda kår. Skal ein sikre framtida for den gamle byggeskikken og ei berekraftig og miljøvenleg ressursforvaltning, er det viktig å ta vare på og ta i bruk dei gamle husa. Museet skal halde fram samarbeidet med fylkeskommunen og utdanningsinstitusjonane og slik bidra til å føre handverkstradisjonane vidare.

---

<sup>1</sup> NGO – Non-Governmental Organization (akkreditert ikkje-statleg organisasjon)



## Forankring

Ein strategiplan er det viktigaste styringsdokumentet for ei verksemd og med jamne mellomrom ynskjer styret gjennomgang av alle styringsdokument. Førre strategiplan vart vedteken i 2015. Denne omtala dei kulturhistoriske satsingane, men rørde ikkje ved områda økonomi, drift eller personal. Arbeidet med *denne* plana starta vinteren 2017, då styret i sak 3/2017 gav leiinga i oppdrag å starte ein prosess med mål om ein ny strategiplan. Det var på dette tidspunktet ti år sidan konsolideringa av selskapet.

Arbeidet med strategien har vore forankra i alle ledd i verksemda og vart òg drøfta i eigarmøte med ordførarane i Valdres 26. august 2020. Eit utkast vart lagt fram for styret i desember same året og endeleg plan vart vedteken i styremøte 13. desember 2021.



## Visjon

*Valdresmusea skal vere limet og lupa –*

*og utgjere ein forskjell for menneske, samfunn og levande tradisjonskultur*

**Menneske:** Valdresmusea skal ha betydning for livet til einskildmenneske. Vi skal utvikle tilbod som skapar engasjement, som inkluderer nye målgruppe og som senker terskelen for deltaking. Valdresmusea har eit mål om 100 000 besøkande innan 2030.

**Samfunn:** Valdresmusea er heimehøyrande i landets finaste dalføre. Museet skal spele ei rolle for buande og reisande til Valdres, for menneske og bransjar over heile landet, og for publikum og samarbeidspartar frå utlandet. Valdresmusea skal bidra til ei miljøvenleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning – som gir utvikling og som skapar arbeidsplassar for regionen, som skapar gode, levande lokalsamfunn, som fører til fornying for sektoren, og som gir mening og refleksjon for publikum.

**Tradisjonskultur:** Valdresmusea står i ein rik og levande tradisjonskultur og skal vere det beste museet i landet i arbeidet med 1) folkemusikk, folkedans og folkemusikkinstrument, 2) bunad og folkedrakt 3) bygningsvern og 4) støls- og hyttekultur. Dette er fire særskilte *satsingsområde* som museet skal legge brorparten av ressursane i.

Valdresmusea skal jobbe med andre lokalhistoriske emne òg, særleg dei som handlar om krig, landbruk, skogbruk, matkultur, samferdsel, kongeveg, reiseliv, turisme, kyrkje, tru og folketru.

## Strategi

*Krafta ligg i usemja –*

*Vi skal tale, ikkje teie*

*Vi skal våge, ikkje vakle*

*Vi skal søkje sanning, ikkje flyte på skorpa*

**Tale:** Valdresmusea skal dyrke meiningsmangfald og vere møteplass for faglege og frie ytringar. Vi skal invitere til dialog og samtale om det nære og fjerne. Dei tilsette ved Valdresmusea skal delta i den offentlege debatten om tematikkar som råkar museum, menneske og samfunn.

**Våge:** Valdresmusea høyrer heime i ein levande bygdekultur. I Valdres, som alle andre stader, rår etablerte forteljingar om samfunnet, kulturen og menneska. Valdresmusea skal våge å stille spørsmål ved alt dette etablerte, også dei forteljingane som vi ikkje likar eller forstår.

Valdresmusea skal våge å kritisere dei kreftene som bryt ned demokratiske tradisjonar. For det er den kritiske massen som driv samfunnet framover. Derfor skal museet ta del i dei offentlege ordsifta og lære menneska til å sjå verdien av usemje.

**Søkje sanning:** Kjeldene speglar menneska og samfunnet. Skal vi bygge innsikt og søkje sanning må vi ta i bruk kjeldene – og vi må undersøke dei kritisk og grundig. Kjeldene kan vere gamle – eller dei er skapte i vår eiga tid, og dei kan vere av immateriell eller materiell art.

Kunnskapen til dei tilsette er avgjerande for framgangen til museet. Valdresmusea skal tiltrekke seg dei beste, bidra til fagleg utvikling og knyte seg til relevante kunnskapsmiljø.

## Mål

*Valdresmusea skal bli det fremste museet i landet i arbeidet med levande tradisjonskultur*



## Mål for arbeidet med forskning

Omfattar forskningstid til utvalde medarbeidarar og samarbeid med institusjoner om prosjekt.

Valdresmusea forvaltar fire kunnskapsområde med særleg potensiale for forskning; folkemusikk og folkedans, bunad og folkedrakt, bygningsvern, og støls- og hyttekultur. Det siste emnet står i sentrum for eit nytt utviklingsarbeid med støtte frå Norsk kulturråd.

Valdresmusea skal bidra med publikasjonar innfor andre kulturhistoriske emne òg, og særleg med eit særleg fokus på mangfald og samfunnsrolle.

Mål for perioden:

- Delta i Norsk kulturråd sine samfunnsrolleprogram for perioden 2022–2024
- Produsere to vitskaplege artiklar årleg
- Gjennomføre eitt nasjonalt fagseminar årleg
- Delta i eitt doktorgradsprosjekt

## Mål for arbeidet med forvaltning

Omfattar dokumentasjon, innsamling, registrering, digitalisering, sikring, restaurering, skjøtsel, vedlikehald og drift.

Valdresmusea forvaltar store samlingar. Desse representerer som oftast ein gamal bygdekultur og dei er skapte med utgangspunkt i eldre innsamlingspolitikk. Samlingane er flotte i seg sjølv, men manglar gjerne breidde og samfunnsmessige representasjon. Arkiva romar større sosial og kulturell variasjon, og utgjer ein meir heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Arkiva og samlingane er museets viktigaste kapital og dei representerer minnet til fellesskapen. Valdresmusea skal sikre ei berekraftig forvaltning av arkiva og samlingane, medan innsamlingspolitikken skal sikre samfunnsmessig representasjon og styrking av satsingsområda.

Mål for perioden:

- Alle antikvariske bygg skal kome på eit nivå der alminneleg vedlikehald er tilstrekkeleg
- Alle driftsbygningane skal kome på eit nivå der alminneleg vedlikehald er tilstrekkeleg
- Tilfredsstillande planverk for alle sider av forvaltingsarbeidet
- Legge mangfald og representasjon til grunn for innsamlingsarbeidet

## Mål for arbeidet med formidling

Omfattar programmering, utstilling, arrangement, omvising, kurs, opplæring, kommunikasjon, profil, merkevarebygging, digitale og fysiske besøk, rådgjeving, butikk og målgruppearbeid.

Valdresmusea skal formidle ein sterk og levande tradisjonskultur – side om side med relevante, aktuelle og samfunnskritiske utstillingar og arrangement. Valdresmusea skal ta både publikum og tradisjonsberarane på alvor, og museet legge til rette for tradisjonsoverføring og likeverdige møte mellom menneske. Museet har ein open og inkluderande dialog og brukarane er sterkt medverkande til museet sin formidlingsprofil.

Det er få andre museum i landet som set den levande tradisjonskulturen på agenden slik som Valdresmusea. Det er ikkje berre innfor dei tradisjonelle museumsområda at Valdresmusea driv ein tradisjonsinnsats. Saman med organisasjonar, arrangørar, festivalar, utøvarar forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar over heile landet har Valdresmusea etablert ein profil der målet er å ta vare på og vidareutvikle den levande tradisjonskulturen. Dette gjer Valdresmusea til ein unik møteplass. Dette er ein profil vi må gjere vel å ta vare på.

Mål for perioden:

- 100 000 besøkande per år
- Gjennomføre 150 arrangement per år
- Gjennomføre 2–5 utstillingar kvart år
  
- Sikre mangfald og representasjon i formidlinga gjennom ei ekstern innspelsgruppe
- Gjennomføre årlege seminar som rører ved tematikkar som mangfald og inkludering
- Kvart år gje ut ein publikasjon med utgangspunkt i museets arkiv eller samlingar
- Bli nominert til «Årets museum» av Norges museumsforbund

## Mål for arbeidet med økonomi, drift og kompetanse

Omfattar arbeidet med økonomi, drift, personal, utvikling og kompetanse.

Valdresmusea skal alltid vere ein dynamisk og engasjert organisasjon med høg kompetanse og godt arbeidsmiljø. Det er eit mål at Valdresmusea skal vere den mest ettertrakta kulturarbeidsplassen i Valdres, og ein ettertrakta arbeidsplass i Museums-Noreg.

Skal Valdresmusea behalde posisjonen som det fremste museet i landet i arbeidet med levande tradisjonskultur, må ein sikre seg dei beste medarbeidarane. Ein skal utarbeide ein strategi for rekruttering og kompetanseheving, særleg for dei områda som definerer museets profil.

Ei spissing av profil og konsolidering av dei nasjonale oppgåvene har vore viktig for den faglege utviklinga og omdømet til museet. Men den har òg letta tilgangen til økonomiske ressursar som har gjort arbeidet ved museet rikare og større, og det er særleg dei nasjonale oppgåvene som har opna dører for slik finansiering. I tida framover vil det vere eit mål å auka dei økonomiske rammene også for bygningsvernet. Med dei nye satsingane set ein mål om å lukkast på same måte som med dei nasjonale satsingane; å sameine eit *utvida* museumsoppdrag med eit *utvida* økonomisk handlingsrom.

Mål for perioden:

- Auke det statlege rammetilskottet til arbeidet med folkemusikkinstrument
- Auke prosjekt- og sponsorinntekter til arbeidet med alle satsingsområda
- Doble omfanget av inntektsbringande samarbeidsavtaler
- Auke dei eigenskapte inntektene til 30 % av det totale budsjettet
- Miljøsertifisering som del av regionen si berekraftssatsing